



Sudmann og Vaage Bygg AS
Dalemarka 85
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2452 - 14/9195

Saksbehandlar:
Ingrid Moe
ingrid.moe@meland.kommune.no

Dato:
11.06.2014

Manglar ved søknad om ansvarsrett

Det vert vist til søknad om endring av ansvarsrettar i sak 14/2452, Mjåtveitmarka Gnr 22 Bnr 105.

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Opplysningar om avgrensing av ansvar
SAK10 §12-6 (1) lyder:

«Når ansvarlig foretaks ansvar opphører, skal det melde fra til ansvarlig søker, som skal melde fra til kommunen. Foretaket skal sikre dokumentasjon for det arbeidet som er utført fram til opphør innenfor sitt ansvarsområde, herunder samsvarserklæringer og kontrollerklæringer, og ivareta grensesnitt mot nytt ansvarlig foretak. Nytt ansvarlig foretak skal i søknad om ansvarsrett klargjøre det ansvaret dette foretaket påtar seg. Ved opphør av ansvar kan kommunen gi det ansvarlige foretaket pålegg om retting eller utbedring innenfor ansvarsområdet.»

I rettleiinga til denne forskrifta står det:

«Der foretaket er konkurs, må det sikres at tilstrekkelig dokumentasjon overleveres til tiltakshaver[...] Både det avtroppende og det påtroppende foretaket må klargjøre grensesnittet i forhold til hverandre. Det avtroppende foretaket må beskrive det arbeidet som er gjort, og hvor langt foretaket tar på seg ansvar for dette. Det nye foretaket må i sin ansvarsrettssøknad beskrive hvor dette overtar og hva som gjenstår.»

Vedlagt følj skjema «Opphør av ansvarsrett før ansvarsområdet er ferdigstilt». Skjemaet kan lastast ned frå nettsida http://dibk.no/globalassets/blanketter/5183-oppfor_av_ansvarsrett.pdf

Det vert oppmoda til at vedlagte skjema vert nytta. I det minste må det leggest ved ei oversikt over kva for arbeid som vart dekkja av dei ansvarsrettane som opphørde ved konkursen til Walde.

Nytt ansvarleg føretak må gjere tilsvarande avgrensing, sjå rettleiinga og forskrifta referert over.

Gjennomføringsplan
SAK10 §5-3(1) lyder

«Søker skal utarbeide gjennomføringsplan for søknadspliktige tiltak der det er krav om ansvarlig foretak. I den grad det er relevant for tiltaket skal gjennomføringsplanen inneholde oversikt over ansvarsområder inndelt i godkjenningsområder og etter tiltaksklasser, kontrollområder, ansvarlige foretak og gjennomføring av oppgavene.»

Vidare står det i 4.ledd:

«Gjennomføringsplanen skal signeres av søker og sendes kommunen når det søkes om rammetillatelse, igangsettingstillatelse, endringstillatelse, særskilte ansvarsretter, midlertidig brukstillatelse og ferdigattest. Ved tilsyn kan kommunen kreve innsyn i grunnlagsmaterialet for gjennomføringsplanen, herunder planlegging av kontroll, kontrollerklæringer, samsvarserklæringer og avviksbehandling.»

Det er ikkje sendt med oppdatert gjennomføringsplan for tiltaket i samband med endringsøknaden.

Vurdering av ansvarsrett

Pbl §22-3, 1. og 2.ledd lyder slik:

«Lokal godkjenning for ansvarsrett for søknad, prosjektering, utførelse eller kontroll av prosjektering og utførelse der tiltaket eller deler av tiltaket forutsetter det, jf. § 20-1 andre ledd, gis til kvalifiserte foretak. Godkjenning gis i forskjellige tiltaksklasser. Lokal godkjenning for ansvarsrett kan ikke gis for uavhengig kontroll uten at det foreligger sentral godkjenning, jf. § 23-7.

Ved lokal godkjenning for ansvarsrett skal sentral godkjenning for ansvarsrett normalt legges til grunn, såfremt godkjenningen er dekkende for det aktuelle tiltaket».

Føretaket Sudmann og Vaage Bygg har søkt om lokal godkjenning som ansvarleg søkjar, ansvarleg prosjekterande for tømrararbeid og ansvarleg utførande for tømrararbeid.

Kvalifikasjonskrav for ansvarleg søkjar og prosjekterande i tkl 1, er «Utdanning som svarer til krav til mesterbrevsutdanning eller fagskole med fagplan for linjefag» og 4 års praksis, jf SAK10 §11-1, tabell 1.

Søknaden inneheld ikkje dokumentasjon på praksis som ansvarleg søkjar og ansvarleg prosjekterande. Det vert bede om at naudsynt dokumentasjon vert innlevert før ansvarsretten kan handsamast.

Vurderinga av ansvarsretten vert sett på i lys av omfanget av arbeida som er bede utgreia, jf punktet over.

Endringsøknaden vert ikkje handsama før naudsynt dokumentasjon ligg føre.

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Med helsing

Anny Bastesen

Ingrid Moe

sektorsjef teknisk

byggjesakskonsulent/jurist

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kjetil Borlaug og Cathrine Brosvik

Hammaren 10

5918

FREKHAUG

Mottakere:

Sudmann og Vaage Bygg AS

Dalemarka 85

5918

FREKHAUG